



2024 ÅRSRAPPORT

Mangfold,
motivasjon
og meistring





STYRET

Styret har i 2024 hatt følgende medlemmer:

Elsbeth Sande Tronstad	Styreleiar
Børre Jacobsen	Nestleiar
Bjørn Lied Tønnesen	Styremedlem
Arve Sandal	Styremedlem
May Aasebø Hauken	Styremedlem
Katrine Hjertholm	Styremedlem (repr. for tilsette)
Karine Rønneseth	Styremedlem (repr. for tilsette)
Jofred Åsnes	Vara
Hilde Grinde	Vara
Nina Holmelid	Vararepresentant for tilsette

BRUKARUTVAL

Medlemmer til brukarutvalet er føreslått frå ulike brukar-organisasjonar og oppnemnd av leiinga. Utvalet skal representere ulike brukargrupper ved senteret.

I 2024 har brukarutvalet hatt følgende medlemmer:

Gerd Torkildson	Kreftforeningen i Sogn og Fjordane
Synnøve Solhaug Engen	Hørselshemmedes Landsforbund, Vestland
Linda Blålid	CP foreningen, Vestland

Vara

Ingeleiv Haugen	Foreningen for muskelsyke, Vestland
Thorbjörg Aasen	LHL Sogn og Fjordane

INNHALD

- 3 Viktigheten av beredskap
- 4 I stadig utvikling for å møte nye krav og forventingar
- 6 Marte skal sikre pasientane endå betre behandling
- 8 – Finn ein aktivitet som motiverer deg!
- 10 Meir tilpassa tiltak gjer betre resultat for pasientar med sjukeleg overvekt
- 12 Forsking og utvikling
- 12 Nettverksarbeid
- 13 Rehabiliteringstilbodet
- 13 Dei fleste oppgir at helsa blir betre
- 14 Høg tillit og opplevd betring i fysisk og psykisk helse
- 15 Badeland
- 16 Styret sin kommentar til rekneskapen
- 17 Rekneskap
- 19 Noter til regnskapet
- 22 Uavhengig revisjonsmelding



Miljøfyrtårn®
SERTIFISERT
VERKSEMD



Grafisk design: Univerket
Opplag: 50
Framsidedfoto: Ingeborg Sol Fure

Forståelsen av beredskap har utviklet seg fra å være en nisjeinteresse for spesielt interesserte til å bli et allment anliggende.

ELSBETH SANDE TRONSTAD



Viktigheten av beredskap

Vi har nesten glemt pandemien. Men pandemien bidro til at vi forsto at kriser kunne oppstå. Kriser som kunne få store konsekvenser for de som var direkte utsatt, men også for samfunnet som sådann.

Ingen var forberedt på en global pandemi. Men pandemien har ført til en økt bevissthet om viktigheten av beredskap. Og dagens urolige verdenssituasjon har gjort at beredskap er noe som diskuteres blant folk.

Forståelsen av beredskap har utviklet seg fra å være en nisjeinteresse for spesielt interesserte til å bli et allment anliggende. Mange har tatt til seg nye vaner, som å ha nødproviant og medisiner tilgjengelig, samt å følge med på råd fra myndighetene. Dette har bidratt til å styrke samfunnets evne til å håndtere fremtidige kriser.

Men kriser kan oppstå på alle nivåer, også hos oss på Hauglandsenteret. Det er derfor viktig at vi har en god en beredskapsplan. Beredskapsplanen skal sikre at alle vet hva de skal gjøre når krisen er der, at ressurser mobiliseres raskt, at nødvendige tjenester opprettholdes og at man beskytter både pasienter og ansatte.

Beredskapsplan ved Hauglandsenteret ble utarbeidet i 2018 og har siden blitt oppdatert hvert år.

Planen er et viktig verktøy for de ansatte som skal håndtere kriser ved senteret.

Ledelsen utgjør det overordnede beredskaps-teamet. Hver og en har sine definerte oppgaver og sitt ansvarsområde. Stedfortredere er oppnevnt for alle. Det er oppnevnt egne innsatsgrupper med dedikerte ansatte for forskjellige typer kriser.

Planen er et viktig verktøy for de ansatte som skal håndtere kriser ved senteret

Vi har en robust beredskapsplan. Vi kan møte utfordringene ved kriser effektivt og med det minimere negative konsekvenser for pasienter og ansatte og samfunnet. Beredskapsplanen skal bidra til å normalisere situasjonen så raskt som mulig i en krisesituasjon.

ELSBETH SANDE TRONSTAD
STYRELEIAR

I stadig utvikling for å møte nye krav og forventingar

Det er med ei god kjensle vi no kan sjå tilbake på 2024 og konkludere med at vi klarte å møte nye krav frå oppdragsgjeveren vår på ein god måte.

Endringane som kom som følgje av den nye avtale med Helse Vest, har kravd omstilling i heile organisasjonen. Våre dyktige tilsette har igjen vist at dei er endringsvillige og klarer å tilpasse seg ein ny arbeidskvardag. Det viser både tilbakemeldingane frå brukarane våre i brukarundersøking, og ikkje minst dei gode resultatane vi har på behandlinga. Brukarerfaringane og kva endringar brukarane rapporterer på både psykisk og fysisk helse etter eit opphald, kan du lese meir om i årsrapporten.

Utvikling og kontinuerleg forbetningsarbeid er viktig for ein organisasjon som skal levere tenester av høg fagleg kvalitet. I 2024 har vi i tillegg til å ha etablert eit internt kvalitetsregister også starta opp fleire forskingsprosjekt i samarbeid med andre institusjonar og sjukehus. Dette vil bidra til meir kunnskap om kva rehabiliteringstiltak som har nytte og kva som er viktig for å vidareutvikle fagfeltet.

Vidareutvikling av etablerte tilbod er og noko vi har fokus på, som for eksempel tilbodet til pasientar med sjukeleg overvekt. I samband med at vi fekk ny avtale i 2024, vart det gjort ein del endringar i dette tilbodet.

Det er svært gledeleg å sjå at endringane vi har gjort har hatt positiv effekt for pasientane. Endringar i tilbodet og dei gode resultatane kan ein lese om på side 10.

Naturopplevingar og nærfriluftsliv er ein viktig del av opphaldet her på Haugland. Vi er difor opptatt av å legge godt til rette for at alle skal kunne kome seg ut i naturen. I året som var, har det vore jobba med forprosjekt til ny reguleringsplan der målet er å gjere nærområdet endå meir tilgjengeleg for alle. Særleg fokus har vi på å kunne legge til rette for aktivitetar ved og på fjorden. I framtida håper vi at vi får bygd tilrettelagt sti utover fjorden som vil opne opp dette turområdet også for rullestolbrukarar.

Vi er heldige som har ein eigar som først og fremst arbeider for at vi skal utvikle institusjonen og eigedomen slik at den er godt tilrettelagt for alle brukarane våre. I samarbeid med eigedomsselskapet, vil vi i 2025 fortsette dette arbeidet. Ny bru over til holmen er eit av prosjekta som står på planen. Når denne er på plass vil brukarane våre igjen kunne få gleden av å ta seg ein rusletur ut til dei fine Hauglandsholmane. Dette veit vi at mange vil sette stor pris på.

INGER JOHANNE OSLAND
ADMINISTRERANDE DIREKTØR



Utvikling og kontinuerleg forbetningsarbeid er viktig for ein organisasjon som skal levere tenester av høg fagleg kvalitet.





NYTILSETT KLINIKKLEIAR

Marte skal sikre pasientane endå betre behandling

– Å bidra til gode helsetenester for folk er ei sterk drivkraft for meg. Det gir meg energi til å stå på, seier Marte Ulltang, nytilsett klinikkleiar for helseavdelinga.

TEKST: Univerket/Heidi Hattestein FOTO: Univerket/Juni Teigen

I jobben skal Marte Ulltang bidra til både fagleg og strategisk vidareutvikling av Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter. Stillinga er nyoppretta.

– Eg skal jobbe for å sikre endå betre behandlingsforløp for pasientane. Ingen pasientar er berre på ein plass om gangen. Behandling og rehabilitering er ledd i ei kjede, og det er heilt avgjerande at vi sikrar gode overgangar, seier ho.

Eit best mogleg behandlingsforløp handlar noko forenkla om tre ting: Samhandling, samhandling og samhandling.

Flaks då, at Ulltang har jobba både som

samhandlingssjef og seniorrådgjevar i Helse Førde dei siste åra. Ho har hatt som oppgåve å sikre gode og trygge tenester til pasientane på tvers av alle avdelingar.

No tar ho steget ut i den private og ideelle delen av helsevesenet.

– Jobben min blir å ha overblikk og syte for at vi utnyttar ressursane på ein god måte. At alle drar i same retning, og at vi gir eit best mogleg tilbod til pasientane.

Verdien av å jobbe i lag

Det er ikkje til å stikke under ein stol at helsevesenet står framfor endringar. Dei same utfordringane går att over heile

linja: Personell- og ressursmangel og økonomiske avgrensingar. Befolkninga blir eldre, og det blir fleire kronisk sjuke med til dels store hjelpebehov.

– Desse utfordringane må vi løyse i lag, på tvers av faggrupper og føretak, med dei ressursane vi har til rådighet. Det gjer at vi må tenke nytt.

– Bak ei kvar kvinne som vil satse på karrieren, bør det stå ein lærar.

For eksempel må teknologisk løysingar takast i bruk i større grad.

– Vi må sikre endå betre dialog opp mot kommunane, som skal følge opp pasientane både før og etter opphaldet. Vi deler det same målet: At pasientane skal få eit høgast mogleg funksjonsnivå ut ifrå føresetnadene – og oppretthalde det over tid.

I heile helsevesenet blir det sett stadig større krav til samhandling og samarbeid til beste for pasientane. Og det er ein godt ting, trur Ulltang.

– Å vere pasient har ikkje ein start og ein slutt, det er ein kontinuerleg prosess.

Energisk, uredd og utolmodig

Det tok ikkje lang tid før dei var sikre på at dei hadde funne rett person, røper administrerende direktør ved Rehabiliteringssenteret, Inger Johanne Osland.

– Ho har med seg ein kompetanse og ei erfaring som vi treng. I tillegg er ho ein person som passar godt inn i miljøet her. Ho verkar som ei det er litt fart i, og som har lyst til å få til ting, seier Osland.

Ja, kven er ho eigentleg?

Ifølgje dåpsattesten er ho 37 år og heiter Marte Ulltang. Men ho presenterer seg ofte med eit ekstra etternamn: Høyvik.

Faren kjem frå Ulltang i Førde, og mora sin familie frå Høyvik i Stardalen i Jølster.

– Eg vil helst bli assosiert med både farsida og morssida mi. Eg er stolt av familien min og at vi har ei historie her i området, på begge sider. Viss eg bruker berre Ulltang, kan eg ikkje trekke fram det som er positivt på morssida, for eksempel at eg har ein bestefar som flaug paraglider i ein alder av 86 år, og ei bestemor som jobba på sjukehuset i Førde i alle år. Folk veit kven eg er, og det får i gang samtalen.



Ho var på ferie på Øyra, der svigerfamilien kjem frå, då ho tilfeldigvis kom over stillingsutlysinga.

– Det der er ein spennande jobb! Eg har lyst å ringe og høyre meir, sa eg til sambuaren min.

Det er kort veg frå tanke til handling i Marte sitt tilfelle.

– Når eg får ein idé, vil eg gjerne agere med det same. Så kan eg heller tenke meg om ein ekstra gong etterpå, seier ho og ler.

Dette slumpa til å vere den eine veka i sommar med strålende vêr, ergo var det ei smal sak for sambuaren Tor Emil Gjølringbø å lokke dei fire ungane utandørs, slik at Marte fekk fred og ro til å ringe.

Eigentleg var ho ikkje på utkik etter jobb. Men ho var klar for litt meir utfordringar. – Eg føler at eg har meir å gi. Å bidra til gode helsetenester for folk er ei sterk drivkraft for meg. Det følest nesten som eit samfunnsoppdrag.

Deler på oppgåvene heime

No begynner eit nytt tilvære som pendlar, og for firebarnsmora betyr det faktisk ein rolegare start på dagen. Sambuaren kjem til å ta meir av kvardagskaoset på morgonen.

– Eg har rekna på kor mykje tid eg bruker på å stå opp med fire ungar og få to av dei i barnehagen og to på skulen, og det er omtrent like lang tid som det vil ta å setje meg i bilen og køyre til Haugland, seier ho og held fram:

– Eg er i lag med ein fantastisk mann med ein føreseieleg jobb som lærar. Eg plar å seie at bak ei kvar kvinne som vil satse på karrieren, bør det stå ein lærar. Det er ein kombinasjon som gjer at jobb-familie-liv-balansen lettare går opp.

– Vi må sikre endå betre dialog opp mot kommunane, som skal følge opp pasientane både før og etter opphaldet.



– Gjer ein nokre få, enkle grep, så gjer ein gode grep.

Den fornuftige stemma

Marte er utdanna klinisk ernæringsfysiolog. Vidare har ho studert leining innan helse og sosialektoren og har kompetanse innan kvalitetsforbetring. På sida har ho si eiga bedrift – sMarte matvalg – og ho har fleire bokutgjevingar bak seg.

Ho engasjerer seg fagpolitisk for at ernæring skal få ein endå større plass i behandling og rehabilitering.

– Haugland Rehabiliteringssenter er langt framme når det gjeld å anerkjenne at ernæring er ein viktig del av eit heilheitleg behandlingsopplegg. Ein god ernæringsstatus gjer at pasientane toler behandlinga betre og får meir ut av den.

Det er mange som har sterke meiningar om kosthald – og vilje til å heve røysta.

– Eg vil gjerne vere den fornuftige stemma som sier at det enkle ofte er godt nok. Som klinisk ernæringsfysiolog baserer eg meg på faglege råd. Eg har sett mange pasienter i kvar sin ende av vektskalaen, og det som ofte går att, er at dei føler seg rådvile om kva som er riktig og galt. Det er då eg seier at ein ikkje må prøve å bite over for masse. Gjer ein nokre få, enkle grep, så gjer ein gode grep.

Har ho sjølv eit grep som ho vil anbefale i ein travel kvardag?

– Ta den timen for deg sjølv, på trening eller saman med venner. Eigentida er ofte det første ein ofrar når ein skal sjonglere mykje, men det er viktig for å vere ei god mor og ein god partner, venn og arbeidstakar.

CHRIS KLATRAR MED PARKINSON

– Finn ein aktivitet som motiverer deg!

Som livslang klatrar har Chris vore den første til å meistre utfordrande klatreruter. Då han fekk Parkinson var det uaktuelt å legge lidenskapen på hylla. På Haugland møtte han andre med same diagnose.

TEKST OG FOTO: Tora Hope/ RKHR

Sidan han var gutunge i Sheffield, England, har han klatra i alt han kan finne grep i: tre, steinar, klatrevoggar og fjellveggar.

– Klatring har alltid vore ein stor del av livet mitt. Med tynne anklar og handledd var eg fødd til å klatre, seier han med glimt i auget.

To gongar har Chris delteke på gruppeopphald for personar med Parkinson på Røde Kors Haugland Rehabiliterings-senter.

Senteret bruker tilpassa fysisk aktivitet og meistringsopplevingar som verkemiddel i rehabiliteringa. Chris veit mykje om korleis aktivitet og meistring heng saman. Målet med opphaldet var å jobbe meir på lag med kroppen.

– Eg får ein del småskadar av å klatre. Gevinsten er likevel så stor at legen rår meg til å halde fram. På Haugland kunne eg teste ulike aktivitetar og finne ut kva eg liker og ikkje, bygge styrke og jobbe med gode vaner for oppvarming, fortel Chris.

Lang erfaring med Parkinson-tilbod

Røde Kors Haugland Rehabiliterings-senter har lang erfaring med gruppeopphald ved Parkinson sjukdom.

– Eg var veldig overraska. Til vanleg har eg ikkje kontroll over venstrehanden. Men i det eg tok på meg brillene og begynte å spele, kunne eg styre handa igjen.

Her er ein god arena for å møte andre med same diagnose, samstundes som du får fagleg rettleiing og oppfølging: Kva trening er smart når du har fått Parkinson? Korleis kan du forhalde deg når kroppen ikkje lenger vil samarbeide?

I undervisninga kjem vi òg inn på kognitiv terapi, eit nyttig verktøy for å sjå på kva du tenkjer om det som skjer med deg og kroppen din.

VR-effekt overraska Chris

– Første gong eg var på opphald sa eg meir nei til å prøve ting. Denne gongen var eg meir open. Eg syns det er viktig å teste ut kva ein liker og ikkje, fortel Chris.

Han har tidlegare erfart at dansing ikkje er for han. VR-spel, derimot, skulle syne seg å vere overraskande interessant for den garva klatraren.

VR, altså virtual reality, er eit dataspel der deltakaren tek på seg VR-briller og er aktiv i eit virtuelt landskap.

Røde Kors Haugland Rehabiliterings-senter har delteke i ein forskingsstudie om VR i arbeidsretta rehabilitering (sjå meir under Forsking og utvikling).

Mange pasientar fortel at dei opplever å få god effekt, og Chris er definitivt ein av dei.

– Eg var veldig overraska. Til vanleg har eg ikkje kontroll over venstrehanden. Men i det eg tok på meg brillene og begynte



Stillbilder frå dokumentarfilmen *The Parkinson Project* av Jess James.



– Det viktige for meg er å prøve, ikkje å klare alt.

å spele musikkspillet Beat Saber, kunne eg styre handa igjen. Skjelvinga avtok, eg tenkte ikkje lenger på problema med å styre handa og eg vart raskt betre i spelet. Det var moro, fortel Chris.

Etter opphaldet kjøpte han seg utstyr til å spele VR heime.

– Sjølv om eg berre opplever denne effekten medan eg speler, så er det noko eg kan gjere for å få ein pause, trene og vere fokusert, seier Chris.

Viktigare å prøve enn å klare

Å møte andre som har Parkinson og utveksle erfaringar var også nyttig.

– Livet er ikkje over sjølv om ein får Parkinson. Det blir meir utfordrande, ja. Men det er mogleg å finne løysingar og tilpasse. Til dømes kan ein biverknad frå medisinar vere at ein søv dårleg og blir rastlaus. Eg har brukt rastløysa til å lage nettside, skrive, jobbe, mekke bil og motorsykel og klatre, fortel Chris.

Han meiner det er viktig å tore å prøve nye aktivitetar.

– Eg syns det er viktig å prøve ting ordentleg, sjølv om du kanskje gjer det på eit anna nivå enn du kunne før du vart sjuk. Begynn på ekte golf, ikkje minigolf. Eg prøver meg på dei same klatreproblema som venene mine, opp til eit visst nivå. Det viktige for meg er å prøve, ikkje å klare alt, seier han.

Dokumentarfilm om Chris

Klatringa vart kanskje meir krevjande då han fekk Parkinson for ni år sidan, men ikkje mindre viktig.

– Eg har opplevd at folk ser rart på meg når eg kjem inn på klatresenter. Dei ser symptoma på sjukdommen og spør seg kanskje om kvifor eg er der. Når eg begynner å klatre, blir dei overraska, fortel Chris.

Chris har vore fysikklærar ved United World College i 30 år, naboen til Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter. Ved sidan av lidenskapen for klatring, har han ei sterk formidlingsglede.

Etter at han fekk Parkinson-diagnosen har han synt kva diagnosen inneber for

han. Han deler i sosiale medier, bloggar for UK Climbing, og i 2024 kom også dokumentaren «The Parkinson Project», der dokumentarfilmskaparen følger Chris i kvardagen og mellom anna på opphald på Haugland.

Filmen har blitt ein suksess og er blitt vist fleire plassar både i Noreg og England.

– Kan eg inspirere eller hjelpe nokon med å dele om min kvardag med Parkinson, så syns eg det er fint. Eg vil bidra til openheit, avsluttar Chris.

– Kan eg inspirere eller hjelpe nokon med å dele om min kvardag med Parkinson, så syns eg det er fint. Eg vil bidra til openheit.



Meir tilpassa tiltak gjer betre resultat for pasientar med sjukeleg overvekt

I april 2024 blei det gjennomført fleire endringar i rehabiliterings-tilbodet for personar med sjukeleg overvekt.

FOTO: Ingeborg Sol Fure

Målet med endringane var å styrkje oppfølginga av ei pasientgruppe som ofte opplever både redusert livskvalitet og fleire helseplager. Rehabiliteringa har som hovudmål å førebyggje og redusere følgjetilstandar av fedme for å betre både den fysiske og psykiske helsa. Gjennom eit sterkt fokus på deltaking i arbeidsliv og sosiale samanhengar, skal pasientane få betre føresetnader for varig endring og betre livskvalitet.

Basert på fagleg kunnskap, erfaringar frå tilsette og tilbakemeldingar frå pasientar, blei det i 2024 gjort fleire endringar i tilbodet. Innføring av diagnosespesifikke grupper gjorde det mogleg å skreddarsy innhaldet og auke nytteeffekten av støtte frå likepersonar. I tillegg til undervisning i tema som kosthald, fysisk aktivitet og kognitiv terapi, har ein no innført samtalegrupper der pasientane deler eigne erfaringar og arbeider endå meir aktivt med eiga rehabilitering. Eit særleg fokus-område er vegen vidare etter opphaldet,

der ein arbeider med å identifisere og handtere barrierar for endring. Tilbodet innan fysisk aktivitet og kosthald er også blitt meir tilpassa pasientgruppa. Pasientane trekkjer spesielt fram verdien av likepersonsstøtte, det å få prøve ut nye vanar i trygge omgjevnader, og å oppleve meistring før dei skal implementere endringane i eigen kvardag.

Pasienten si oppleving av endring

I 2023 rapporterte 83,3% av pasientane at dei har opplevd betring som anten er minimalt, mykje eller veldig mykje betre i løpet av opphaldet. Fr.o.m. april i 2024 var talet auke til 95,4% og ingen rapporterte at dei hadde blitt verre. Største endring vert i svaralternativet «mykje betre» der prosentandelen har auke frå 52,8% i 2023 til 65,2% i 2024.

Helserelatert livskvalitet

Resultata frå 2023 viser statistisk signifikant forbetring i sjølvopplevd helse. Resultata frå 2024 syner alle dimensjonar,

bortsett frå «vanlege gjøremål» (dvs. gange, personleg stell, smerter/ubehag, og angst/depresjon) hadde statistisk signifikante forbetringar.

Gjennomsnittleg sjølvopplevd helse gjekk i 2023 frå 52,1 ved ankomst til 61,1 ved avreise. I 2024 vert disse tala høvesvis 55,2 og 67,6.

PROMIS

PROMIS vart teke i bruk ved Hauglandsenteret i mai 2024 og vert nytta som eit kartleggingsverktøy i klinikken for pasientar med sjukeleg overvekt. Resultat frå 2024 viser at det er færrest pasientar som ligg innanfor normalområdet ved ankomst innan domena for smertepåverknad, utmatting, depresjon og fysisk funksjon (høvesvis 51%, 72%, 72% og 74%). I alle dessa domena vert det betydeleg forbetring under opphald og ved avreise var høvesvis 72%, 93%, 86% og 90% av pasientar innan normalområdet.

Forsking og utvikling

Vårt arbeid med forskning og utvikling skal støtte og forbedre pasientbehandlninga, bidra til innovasjon og sikre høg kvalitet på tenestene.

I 2024 har RKHR delteke i følgjande forskings- og utviklingsprosjekt:

- Forskingsprosjektet «VR i arbeidsretta rehabilitering». Dei kvalitative analysane fra intervjustudien «Erfaringer med bruk av virtuell virkelighet og trening av oppmerksomheten» blei publisert i artikkelen «Virtual Reality Gaming in Occupational Rehabilitation – User Experiences and Perceptions». Dei kvantitative analysane blir publisert i 2025.
- Multisenterstudien Rehabnytte (FoU-nettverket i Virke Rehab). I 2024 har vi vore medforfattar i to manuskript knytt til studien.
- Vi har hatt presentasjonar i to nasjonale rehabiliteringskonferansar: REHAB-2024 (Digital samhandling basert på kontroll på dataflyt mellom pasient og behandler i rehabiliteringsforløp – effektivisering og brukervedvirkning gjennom digitalisering av kartleggingsverktøyet ISIVET) og KreftREHAB 2024 (Digital samhandling og interaktiv digital rehabiliteringsplan).
- Utviklingsprosjektet «Framtidas rehabilitering, del 2». Prosjektet omfattar vidareutvikling av den digitale samhandlingsløysinga integrert i journalsystemet Ad Curis. Prosjektet gjennomførast i tett samarbeid med journalleverandøren Carasent Norge og Sørlandet Rehabiliteringssenter. RKHR har vært del av referansegruppa og forskingsleiar er rådgjevar i prosjektet.
- I 2024 lanserte vi Mi side. På Mi side kan pasienten svare på kartleggingar, sjå sin eigen timeplan og kommunisere med oss: www.rkhr.no/miside
- PETRA-NMD-studien (KLINBEFORSK-prosjekt). Prosjektet har det overordna målet å undersøke kva effekt skreddarsydd trening kan ha som behandling for personar med sjeldne nevrologiske sjukdommar. Studien vil rekruttere 120 deltakarar med Charcot-Marie-Tooth (CMT), Dystrofia Myotonika type 1 eller Fascio-scapulo-humoral muskeldystrofi (FHSD) og RKHR er rehabiliteringssenteret for deltakarane frå Helse Vest. Prosjektet varer i fem år og 2024 vart brukt til å planlegge og rekruttere deltakarar.

Våre publikasjoner er tilgjengelege på www.rkhr.no/forsking-og-utvikling/publikasjoner/

Nettverksarbeid

Vi var med i følgjande faglege nettverk og referansegrupper/arbeidsgrupper i 2024:

- Nasjonalt kvalitets- og kompetanse-nettverk for Arbeidsretta rehabilitering
- Nettverk av ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Sogn og Fjordane
- Referansegruppe for Regionalt kompetansesenter for habilitering og rehabilitering
- Programnemnd for Tverrfagleg forskingskonferanse innan rehabilitering (Helse Vest)
- Nasjonalt nettverk for uterehabilitering
- Nettverk for forskning og fagutvikling innen kreftrehabilitering
- FoU-nettverket i Virke Rehab
- Det nasjonale kliniske nettverket tilknyttet REMEDY (Forskningssenter for behandling innen revmatologi og muskelskjelettsykdommer)
- Forskingsgruppen Samhandling og folkehelse (HVL Førde)
- Arbeidsgruppe for Møteplass for habilitering og rehabilitering i Sogn og Fjordane
- Rehabilitation International Norge (RI Norge)
- Fagråd ved Fagskolen Vestland, studie rehabilitering, kvardagsmeistring og velferdsteknologi
- Fagnettverk for aktivitetshjelpemiddel
- Helseklynge i Sogn og Fjordane
- Referansegruppe for nasjonal kompetanseteneste for arbeidsretta rehabilitering

Rehabiliteringstilbudet

Kven var pasientane i 2024?


956
pasientar


7–85
ÅR

66
kommunar
representerte



65%


35%

33%
frå største enkelt-
kommune: Bergen



93%
oppgjer at dei i stor eller
veldig stor grad hadde
tillit til at behandlarane var
fagleg dyktige



Flest pasientar på tilbod
for Kronisk muskel- og
bløtdelssmerte og
Nevrologiske og nevro-
muskulære sjukdommar.

52
snittalder

69%
oppgjer at dei i liten
grad måtte vente på
opphald

91%
opplevde at uteområda
i stor grad eller veldig
stor grad var tilrettelagt
for deira behov

Den største gjennom-
snittlege forbetringa i
alle pasientgrupper finn
ein på domena smerte-
påverknad, utmatting,
depresjon og angst.

94%
har hatt utbytte
av opphaldet

KARTLEGGING

Dei fleste oppgjer at helsa blir betre

Vi kartlegg pasientane med ulike måleverktøy for å kunne gje den beste behandlinga. Slik kan vi også evaluere effekten av behandlinga.

Eit viktig verktøy for å undersøke om rehabiliteringa har effekt for den enkelte, er å undersøke kva pasientane sjølv opplever (såkalla pasientrapporterte utfallsmål). Ein del av pasientane ved RKHR lever med kroniske tilstandar, og målet med opphaldet kan vere å meistre kvardagen med dei utfordringane ein har. Då kan opplevd livskvalitet og psykisk helse vere gode mål for effekt.

Totalt oppgjer 75,7% av pasientane at dei har opplevd endring som anten er minimalt, mykje eller veldig mykje betre etter opphaldet.

Den overordna tendensen i statistikken for 2024, er at dei fleste pasientane sjølv opplever at tilstanden er betre etter opphaldet.

Pasienten si oppleving av endring

PGIC (Patients' Global Impression of Change) måler pasienten sitt overordna inntrykk av endring av eiga helse. Pasienten oppgjer ved avreise om tilstanden sidan starten av behandlinga har endra seg på ein skala frå 1 (veldig mykje betre) til 7 (veldig mykje verre).

Totalt oppgjer 75,7% av pasientane at dei har opplevd endring som anten er minimalt, mykje eller veldig mykje betre etter opphaldet.

Gruppene sjukleg overvekt, hjerneslag, nevrologi og sanseforstyrningar skil seg ut som dei som rapporterer størst betring etter opphaldet (høvesvis 91,7%, 85,2%, 84,7% og 80,6% rapporterte ei

betring som anten er minimalt, mykje eller veldig mykje betre).

Helserelatert livskvalitet

EQ-5D-5L måler generell helse og helse-relatert livskvalitet. Pasientane svarer ved ankomst og avreise på funksjonsnivå for gange, personleg stell, vanlege gjeremål, smerter/ubehag, angst/depresjon på ein skala frå 1 (ingen problem) til 5 (ekstremt store problem) og sjølvopplevd helse på ein skala frå 0 (den dårlegaste helsa du kan tenke deg) til 100 (den beste helsa du kan tenke deg).

Resultata syner statistisk signifikant forbetring i alle dimensjonar, bortsett frå «personleg stell». Pasientane oppgjer totalt sett størst gjennomsnittleg forbetring i kategorien «smerter/ubehag». Gjennomsnittleg sjølvopplevd helse gjekk totalt frå 47,5 ved ankomst til 55,3 ved avreise (norsk referanseverdi er 77,9).

Resultata syner statistisk signifikant forbetring.

